

Referat etter møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 1. mars 2017 kl. 18.00.

På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen, Sokneprest Rune Lia (fungerande)

Kommunens representant Tore Åsland

1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjeverge Kristen Salmelid

Forfall: Kommunens representant Tore Åsland og Hanne Roholdt

Prostdiakon Eilev Erikstein og 3representantar Kristi Skjæveland, Hege Jønholt og Åsa Wendel frå diakoniutvalet i Kviteseid var og orienterte om sak 17/17. Dei forlot møtet etter denne saka.

Opning ved sokneprest Rune Lia.

Servering ved Diakoniutvalet.

Kaffi frå kontoret.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle.)

Sak 14/17	Innkalling og saksliste	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga og saklista vart godkjend.</p> <p>Vedtak: Forslag til vedtak samrøystes vedteke.</p>	
Sak 15/17	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 11.01. og 08.02.2017	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Referata frå soknerådsmøtet</p> <ul style="list-style-type: none">• 11.01.2017 sendt ut på mail 19.01.2017, og• 08.02.2017 sendt ut på mail 9. og 10.02.2017 <p>vart godkjend.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	
Sak 16/17	Post og meldingar	
	<p>1. Avtale mellom Normisjon og Kviteseid sokneråd om misjonsprosjektet, er underteikna</p>	HKA

2. Godhetsveka 2017 begynner å ta form. Fyrste komitémøte er halde, frå kyrkja møtte Kristi Skjæveland i staden for Magne Skjæveland som sit i komiteen.	KS
3. Utstillinga <i>Sola Gratia, -kunst og kyrkje i 500 år</i> , er i Drammen våren 2017. Til hausten kjem den til Notodden, og vi oppmodast til å besøke den. Der er m.a. messehakelen frå Brunkeberg frå middelalderen.	KS
4. Kyrkjerådet har i januar 2017 vedteke ein liturgi for likekjønna vigsel, som skal vera likestilt med liturgien for vigsling av mann og kvinne. Sokneprest og andre tilsette har moglegheit til å reservera seg mot medverknad til den kyrkjelege handlinga. Den lokale kyrkja er ved førespurnad forplikta til å gje tilbod om vigsel for likekjønna. Sidan noverande prest og organist reserverar seg mot dette, er det prost og kyrkjeverge sine oppgåver å leggje til rette for likeverdig handsaming.	KS
5. Vipps er no tilgjengeleg for bruk ved kyrkjeoffer (sundagens takkeoffer, misjonsprosjektet, og kyrkjelydsarbeidet), og for gåver til kyrkjebladet. Andre tenester kan bli lagt til ved eit seinare høve. Rapportane for rekneskap og oversikt, er gode.	KS
6. Fleire organisasjonar har ved årsskifte sendt ein TAKK for gåver innsamla under kyrkjeofringar i 2016.	HKA
7. Marit Gotuholt og andre informerte om føreståande arrangement <ul style="list-style-type: none"> a. Konsert ved Olav Mosdøl vart avlyst. Det vert etter planen ny til sumaren b. Fellesmøter ved Egil Svartdal i Kviteseid kyrkje 21.-23. april c. Kviteseid Soul Children 5 års jubileumskonsert søndag 7. mai i Kviteseid kyrkje d. Operagutta kommer igjen! Tysdag 4. juli, Kviteseid kyrkje kl. 19.30 e. Landstad-konsert i Brunkeberg kyrkje fred. 18. august f. Jan Haugen konsert i Kviteseid kyrkje søndag 12. november kl. 19.00 	MG
8. Prostidiakonens årsrapport for 2016 var lagt ved innkallinga og vert også lagt fram på årsmøtet søndag 5. mars.	
9. Oppfølging Krusifix-sak frå Kviteseid Gamle kyrke / kulturhistorisk museum: Det arbeidast med to moglegheiter: <ul style="list-style-type: none"> a. Åsmund Kleiv lagar ein kopi i tre. For det trengs mange gode bilete for å kunne sjå på. Fotograferinga er komplisert og tidkrevjande og treng konservator til stades. b. Museet anbefaler 3D fotografering som igjen kan brukast til maskinelt å laga ein 3D kopi i plastmateriale i full storleik. Om ein vil bruka den er det då berre målararbeid som står att. Kostnad til fotografering og ferdig kopi av figuren, er berekna til 4500 euro. 	
10. Nye messehakeler i dei liturgiske fargane grøn og lilla er det fleire moglegheiter med. Med motiver kopiert frå kyrkja, vil det bli om lag 25.000 kr pr messehakel påsydd utanlands. Vevd i Noreg kan bli 65-70.000 kr for kvar. Kyrkjevergen	

	<p>arbeider saman med soknepresten med å finna standard motiver som ein også kan finne att i Kviteseid kyrkje, innanfor den opphavlege budsjetttramma på kr 20.000 for begge to.</p> <p>11. Organist Dagfinn Køhn har lagt ned eit stort arbeid med å laga tre nye sett med liturgibøker til fire av kyrkjene våre. Dette er soknerådet takksame for.</p>	
Sak 17/17 (FR)	Diakoniplan for Kviteseid kyrkjelyd	Diakoni-utvalet
	<p>Diakoniutvalet og prostidiakon Eilev Erikstein deltek i starten på møtet og legg fram eit forslag til diakoniplan for Kviteseid. Denne planen er ein revisjon av planen frå 2009. Det er også naudsynt å klargjera oppgåvefordeling mellom diakoniutvalet og dei forskjellige kyrkjelydsutvala.</p> <p><i>Vedlegg: Diakoniplan for Kviteseid kyrkjelyd (framlegg)</i></p> <p>Handsaming under møtet:</p> <p>Diakoniutvalet består av Gunnhild Dobbe som leiar. I hennar fråvær deler av året, fungerer Kirsti B. Skjæveland. Elles er også Åsa Wendel, Tjodvor Syftestad og Hege Jønholt med som medlemmar. Kommenterar/tilføyningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Småbarnstreff: Dette kan stå både her og i trusopplæringsplanen. • Føremiddagstreff: Her er organist Dagfinn oftast med og spelar. Dei som ynskjer får transport. Samarbeid med Midsundtoppen. Dei har og eigen bil. Folk kommer ikkje berre frå Kviteseid, men også nokon frå dei andre bygdene. Dei arrangerer også ein midsomarsfest på bygdetunet, av og til saman med pensjonistlaget. • Måndags kafé er ikkje aktiv nå, men vi har det fortsatt med i planen. Det kan bli aktuelt seinare som eit tilbod til dømes for og saman med våre nye landsmenn. Kanskje kan kollektpengar frå tidlegare fellesmøte-arrangement nyttast til noko slikt. • Gullkonformantfest: ingen ytterlegare kommentar • Brev med innbjoding til Helgemesse: Bra å fortsette med. • Helgemesse: Fortsett gjerne med kaffe på Misjonshuset som tidlegare år. Heile kyrkjelyden inviterast til kaffien. • Kyrkjekyss: Vi skriv i notis i Kyrkjebladet om dette, med telefonnummer til både kyrkjekontoret og Kirsti Skjæveland • Utdeling av blomar til jubilarar: <ul style="list-style-type: none"> ○ Vrådal: Kyrkjelydsutvalet ved Hanne Roholdt tek seg av utdeling av blomar. ○ Fjågesund og Kilen: Dei har hatt tradisjon for å dela ut blomar til alle frå 75 år og eldre til jul kvart år. Det vil kyrkjelydsutvalet der halda fram med. ○ Brunkeberg: har ikkje hatt rutinar på dette dei siste åra, men tar det opp att nå. (Kyrkjelydsutvalet ved Reidun Øvrebø Fisketjønn) 	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kviteseid tek over dei som kjem på KOS og dei som har flytta til sentrum. Dei får lister over jubilantane frå kyrkjekontoret og distribuerer til dei andre. • Vårfest: Diakoniutvalet og soknerådet driv stort arbeid for og på kommunale institusjonar. • Førjolsfest. • Besøksvenene starta i 2014/15. I dag er 7 friviljuge besøksvenner involvert. Godt samarbeid med heimesjukepleia som melder om aktuelle som gjerne kan besøkjast. • Besøk på Midtsundtoppen: Prest og organist er der kvar månad. Diakoniutvalet heng seg på annan kvar månad. • Gå-vidare-gruppe har vore inaktiv ei tid. Prest og diakon samsnakkast om nyoppstarting. • Fasteaksjonen er vårt internasjonale diakoniarbeid og leggjast til planen. Her stiller også diakoniutvalet med bollar. <p>Forslag til vedtak: Soknerådet er takksame for det særskilte arbeidet som diakoniutvalet gjer, og for framlagt god plan. Den er vedteken slik den vart framlagd.</p> <p>Vedtak: Soknerådet er takksame for det særskilte arbeidet som diakoniutvalet gjer, og for godt forslag til revidert plan. Den er vedteken slik den vart framlagd med nokre få tilføyningar.</p>	
<p>Sak 18/17 (FR):</p>	<p>Årsrekneskap 2016</p>	<p>KS</p>
	<p>Årsrekneskapen for 2016 vart ferdig frå den 16. februar. Den vart då straks signert og vidaresendt til revisjon. Om den vart ferdig revidert til dette møtet er tvilsamt, men mogleg.</p> <p>Føring av rekneskapen for fellesrådet er i 2016 utvida til å inkludera alt som tidlegare vart førd i dei 4 sokneråda. Overgangen har gitt noko meir arbeid både for kyrkjekontoret og rekneskapsføraren på kommunen, men det har etter forholda gått fint.</p> <p>Før revisjon syner rekneskapen eit 'regnskapsmessig mindreforbruk' på nær 203.000 kroner (= overskot). Dette er etter samla driftsinntekter på kr 5,038 mill., mot kr 4,116 mill (for fellesrådet) i 2015.</p> <p>I tråd med soknerådsvedtak er kr 355.000 oppspart i dei gamle sokna, avsett til bundne fond. Mindreforbruket i 2015 er bruka og avsett til disposisjonsfond.</p> <p>Investeringsrekneskapet inneheld berre postar for kjøp av aksjar i SPK på kr 11.979.</p> <p>Balansen syner at egedelar, og eigenkapital og gjeld balanserar med kr 8.168.188, ein auke på kr 163.436.</p> <p>Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2016 på kr. 3.129.000 (2015: kr 2 989 000), ein auke på kr. 140.000</p>	

	<p><i>Vedlegg:</i> Årsrekneskap 2016 (før revisjon)</p> <p>Forslag til vedtak: Mindreforbruket i 2016 som før revisjon er på kr 202.964,54 avsetjast til disposisjonsfond. AU får fullmakt til å godkjenna rekneskapen viss det vert endringar etter revisjon.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	
Sak 19/17 (FR):	Km-godtgjering	KS
	<p>Km-godtgjeringa for køyring for soknerådsmedlemmene vart i 2016 sett til det som då var det skattefrie beløpet, kr 3,80 pr. km. Frå 2017 er satsen frå staten endra til kr 3,50 pr. km. Intensjonen med vedtaket i 2016 var at satsen skulle vera det skattefrie beløpet. All køyring og andre utlegg ved reiser for tilsette, fylgjer særavtaler i KA, som i all hovudsak er lik staten sine satsar. (Ny særavtale for åra 2017-og 2018 kom 20.02.2017)</p> <p>Forslag til vedtak: Km-satsen for køyring til og frå møter for soknerådsmedlemmer, fylgjer staten sine skattefrie takstar.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	
Sak 20/17 (FR):	Vann og råteskader i Brunkeberg kyrkje	KS
	<p>Råteskader som er oppdaga i kyrkjestova i kjellaren på Brunkeberg kyrkje, dekkjast ikkje av forsikringa. Noko kunne vert dekt etter fleire vann skadar i 2013 til 2015, men slike saker har ein foreldingsfrist på eit år og er ikkje melde i tide. All eventuell reperasjon må difor dekkjast av soknerådet.</p> <p>Skaderapport frå Knif Trygghet frå februar 2017 dokumenterer skaden grundig, og anslår utgifter til reperasjon til kr 100.320. Med mykje av arbeidet gjort hovudsakeleg av egne tilsette, kan dette truleg reduserast ein del. Arbeidet må i alle høver gjerast for å kunne bruke lokalet og ikke skada kyrkja meir.</p> <p>Forslag til vedtak: Kyrkjevergen syter for at golvet i kyrkjestova i Brunkeberg vert utbetra i løpet av 2017. Kostnadane dekkjast inn av fylgjande midlar i denne rekkefylgja:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kr 58.687,50 som står på bundet investeringsfond 2. Kr 22.566,- som er avsett på bundet fond frå tidlegare Brunkeberg sokn. 3. Driftsbudsjett for vedlikehald <p>Handsaming i møtet:</p>	

	<p>Det vart snakka ein god del om årsakene til råteskadene og kva som må gjerast. Soknerådet synes ikkje at oppsparte midlar frå gamle Brunkeberg sokn skal nyttast til dette reperasjonsarbeidet.</p> <p>Vedtak: Kyrkjevergen syter for at golvet i kyrkjestova i Brunkeberg vert utbetra i løpet av 2017. Kostnadane dekkjast inn med kr 58.687,50 som står på bundet investeringsfond og resten over ordinær vedlikehaldspost i budsjettet.</p>	
Sak 21/17 (FR)	Årsmelding frå Kviteseid sokn 2016	HKA
	<p>Forslag til årsmelding for Kviteseid sokn ligg ved. Den blei omfattande då både tidlegare årsmelding frå fellesrådet og dei forskjellige sokneråda er innarbeida i ein rapport. Den erstattar såleis fleire einskilde rapportar.</p> <p>Soknerådet si godkjende årsmelding vert lagt fram for årsmøtet i soknet som ein orientering. Til årsmøtet vert også desse lagt fram:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Årsrekneskapen (vedtatt i SR 1.3.17 med atterhald om revisors godkjenning) 2. Rapport frå diakoniutvalet og føremiddagstreff 3. Rapport frå organisten 4. Rapport frå jubileumskomiteen Kviteseid og Fjågesund kyrkjer 100 år. <p><i>Vedlegg:</i> Forslag til årsmelding for Kviteseid sokneråd 2016</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek den framlagde årsmeldinga med dei endringar som kom fram under møtet.</p> <p>Handsaming i møtet: Årsmeldinga er informativ og god. Til trusopplæringsplanen for 2017 kan vi taka med tilbode 'andre års-konfirmantar' har om å reise på leir og samlingar. Soknerådet ser det ikkje som naudsynt å ha stort tilbod til 16-18-åringar då det allereie er eit godt tilbod med Fredagsklubben som Fredheim og Betel står saman om. Det er åpent for alle.</p> <p>Meldt etter møtet: Inger Lise Berge er med i kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg, men var ikkje førd opp.</p> <p>Vedtak: Soknerådet vedtek den framlagde årsmeldinga med eit lite tillegg.</p>	
Sak 22/17 (SR)	Komitéar	
	Det må ned setjast komité for fylgjande arrangement:	

	<ol style="list-style-type: none"> 1. Konfirmantfesten i Morgedal 30. april (etter Gudstenesta i Brunkeberg) 2. Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) før påske <p>Forslag til vedtak: Soknerådet har sett ned fylgjande komitear:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Konfirmantfesten i Morgedal 30. april: 2. Fasteaksjonen: <p>Handsaming i møtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Konfirmantfesten på Morgedal grendehus 30.april</u> (etter gudstenesta i Brunkeberg): Komité har ansvar for førebuing, servering og rydding etter festen, men må ha fleire med seg. Komiteen består av: <i>Inger Lise Berge, Marit Gotuholt og Magnhild V. Kvalbein</i>. Det er 24 konfirmantar, med to foreldre kvar kan ein då rekne 75-80 personar. Soknepresten står for programmet på festen. 2. <u>Fasteaksjonen er 4. april</u>. Vi fortsett med 4 utsendingssentralar som tidlegare. Oppmøte for bøsseberarane frå kl. 16.30. <ol style="list-style-type: none"> a. Brunkeberg: Møter ved kyrkja. <i>Inger Lise Berge</i>. 7-8 bøsser b. Fjågesund: kontaktperson: <i>Gunn Karin Eikåsen</i>. 2 bøsser c. Vrådal, på bedehuset: <i>Håkon Birkeland</i>. 3 bøsser d. Kviteseid, på kyrkjekontoret på kommunehuset: <i>Hans Kristian Aabø</i>. 12 bøsser. <p>Bøsser og materiell kan hentast på kyrkjekontoret veka før. Bøssene kan leverast same kveld eller neste dag på kyrkjekontoret. Presten informerer konfirmantane om at alle stiller med ein sjåfør.</p> <p>Vedtak: Soknerådet har satt ned komité for konfirmantfesten og ansvarlege for fasteaksjonen. Sjå handsaminga under møtet.</p>	
Sak 23/17 (SR)	Aktuelle saker frå soknepresten	
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Landstadbileta er fine der dei heng rundt i kyrkjene. Berre Vrådal manglar, men får nå før neste gudsteneste. Vrådal kyrkje er verdt eit ekstra besøk for å sjå dei 4 nye ikona. 2. Landstadspel i august er litt i det blå sidan manusforfattar blei sjuk. 3. Kyrkjelydsturen til Nidaros og Stiklestadspelet er fullteikna for full buss, og det er fleire på venteliste. 4. Ei liste er laga til av sekretær og sokneprest der kyrkjemedlemmer inviterast til deltaking med mange forskjellige oppgåver. Lista vil bli levera ut ved inngang til gudstenestene, og koma som midtside i neste kyrkjeblad. 	
Sak 24/17 (SR)	Soknerådsmøter 2017	

	<p>Kyrkjeverja meiner 3 møter på hausten vil vera tilstrekkeleg, og føreslår: 30. august, 4. oktober og 29. november</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådsmøter hausten 2017 vert 30. august, 4. oktober og 29. november.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	
Sak 25/17 (SR)	Eventuelt	
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Prostidiakonen minna om at Diakonatets årsmøte er i 2017 i Nissedal søndag 23. april kl. 16. Soknerådet kan senda to representantar. Gudstenesta startar kl. 17.00 2. Inger Lise Berge tok på vegne av kyrkjegåarar i Brunkeberg opp sak om ein 3-arma lysestake. Den skal visstnok vera frå mellomalderen. Den blei for nokre år sidan teken bort frå sin vanlege plass på altaret og er i dag ikkje i bruk. Den er ynskja tilbake. Prest og tilsette vil saman prøve å finna ein tenleg plass for den slik at den framleis kan brukast under gudstenestene, gjerne på altaret viss mogleg. 3. Representantskapsmøte i Kirkens SOS i Skien 15. mars. Marit Gotuholt reiser for soknerådet også i år. 	

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter tidlegare vedtak 26. april og 7. juni 2017.